

## Silda Velforening – Styremøte

Møte: 11. juli 2014

Tilstade: Ole Sætren, Jan Silden, Kjell Rune Gangsø og Paul Sundnes.

Varerepresentant Sindre Langlo var innkalla, men kunne ikkje møte.

### 1. Referatsaker.

Økonomien. Laget har på koto 92.000 kr (inkl. 75% av tilskot til turløypene). Rest frå Gjennsidigefondet, ved slutført turløype, er vel 20.000 kr.

Kabel til NordSilda, vil bli gjennomført hausten 2014. Tilbudsrunde gjennomført og entreprenør er valt.

Bergensbåten til Silda, intet nytt. Arbeidet vil bli aktivisert etter ferien.

### 2. Evaluering dugnad 5.juli

10 personar møtte, lite verktøy å hjelpe seg med.

Klipte litt hekk ved skulen, slo vegkantar starta med stirydding.

Kvifor var det ikkje fleire som møtte? Kva bør gjerast for betre oppslutning?

Var dugnaden for tidleg? Var det for lite kjent at det skulle vere dugnad?

Nokre har hevda at styret er for konservative, folk les ikkje plakatar eller silda.com.

For å få folk med må det brukast Facebookside – det einaste folk les.

**Semje:** a. Ole får ansvar for å få sett i sving ei Facebookside – «Silda dugnad og aktivitet»

b. Det vert utarbeidd liste over tiltak/arbeid som bør gjerast for å gjere «Sildamiljøet» finare og trivelegare.

c. Folk kan på Facebooksida melde frå kva kvar enkelt, eller grupper av personar kan tenkje seg å gjere.

d. Styrearbeid må ikkje utvikle seg til å bli eit dugnadsforum

### 3. Vegkantar, slått/ sprøyting/ rydding

Vegane på Silda vert stadig smalare, gras og mose breier seg innover asfalten.

Kva kan/bør gjerast?

A. Sprøyting med Rundup – (drepe graset) Mosedrepar på asfalten?

B. Kantslått med kom.traktor (fergekostnad 5000 kr, Ole tek arbeidet) ?

C. Rydding med «motorisert lå» og fresing av mose med gummiskrubbe(om våren)?

D. Finst det utstyr som kan gjere arbeidet meir effektivt.

**Semje:** a. Å bruke tungt utstyr – kommunal traktor – må opp i årsmøte og må drøftast med dei fastbuande.

b. Rundup på vegskråningane vert frårådd. Brunt gras er ikkje fint.

c. Det bør snarast setjast igang dugnad med grasfjerning 1-1,5 m til kvar side

d. Nødvendig utstyr til feiing av vegkantane bør skaffast. Pris må innhentast.

e. Finne mekaniske løysingar til grøfterydding av gras??

### **Innhenta informasjon etter møtet:**

*Informasjon frå Verlo: Stihl kombimaskin Type KM 130 1,9 Hk med kantklipperutstyr (stålblad og sen) listepris Kr 5574 Feietrommel KW-KM listepris Kr 3740 Paul har drøfta med Hans F. om Grendahuset/laget kan dele på kostnad med å kjøpe feietrommelen.*

*Han ville gå for løysinga og drøfte med dei andre i grendalaget.*

*Når avtale er på plass kjøper vi inn kombimaskinen (bestemt før grillfesten 19/7)*

*Paul og Sindre står for sprøyting av vegkantane så langt asfalten går.*

*Feiing av mose må skje seint på haust eller tidleg vår.*

### 4. Skuleplassen – rydding - leikeapparat

Når SFE skap til med grøfing kan/bør ein gjere noko med skuleplassen, fjerne gras og

gruse ? Inga semje om kva som bør gjerast med skuleplassen. Kostnad ukjent venteleg

stor. Stokkar etter disse må fjernast. Kva skal skje med Leikebåten? Kåre S. Veit kven som

har plassert den på skuleplassen. Paul undersøker.

### 5. Grillfesten/ dugnad

**Semje:**a. Det bør gjerast eit framstøyt for rydding av sti og vegkantar.

- b. Det skal via Facebooksida lysast ut ny dugnad til laurdag 19. juli kl 10
- c. Silda vel ordnar med varme grillar til kl 15. (Grillkol er på lager frå sist år.), alle tek med det dei vil ete og drikke.
- d. Det vert organisert lotteri til dekning av utgifter. Pris pr avrivingslodd kr. 10. Jan ordnar med premiar, høveleg for barn og vaksne.
- e. Hesteskokasting som før om åra. Ole organiserer.

## 6. Rebusløpet

Den tradisjonelle famileaktiviteten har siste to åra ha svært svak deltaking, 12- 15 (3 lag) i 2012 og ca 10 i i 2013. Desse to åra har Paul stått for opplegget. Han stilte spørsmål og kva interesse det er for slike arrangement, og bad om hjelp i fall ein skal prøve på nytt.

**Semje:** Her må det yngre folk til hjelp og meir deltaking. Ole drøftar med andre.

## 7. Turstiane

26 plastskilt, godkjend standard, er bestilt frå turskilt.no. Vert levert i månadsskiftet august/sept. Pris 8200 eks. Oppsetting hausten -14/våren -15

Karttavle med kart til oppsetting ved Navlen må bestillast til oppsetting 2015

Eit rastebord til Furevika – frå lokal produsent/Selje??

3 benkar til fasta montering: Galvanisert og varmlakert frå Vestre:

A. Type April: Benk utan rygg kr 5140 med ryggstød kr 7340

B. Type Urban: Benk utan rygg kr 6960 med ryggstød kr 8150

**Semje:** Urban krakk, u.rygg 6960x3x1,25 = 26.100

Ein i Jonshaugen ved Nordre Molo

Ein med utsikt til Stad/Selje

Ein med utsikt mot Raudeberg/Halsør

Vert bestilt av Paul så fort råd er

Paul Sundnes

-ref